



Unntatt offentlighet iht. offl. § 25, 1. ledd

Arkivsaksnr.:
2023/4173

Dokumentdato:
15.07.2024

Styre:
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:
61/24

Møtedato:
10.09.2024

Stans av rekruttering til utlyst stilling som universitetslektor ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

Dokument i saken:

1. Publisert utlysningstekst
2. Offentlig søkerliste
3. Anmodning om trekk av stilling fra instituttet

Bakgrunn

Det ble lyst ut en fast stilling som universitetslektor knyttet til ordboksprosjektene Revisjonsprosjektet og Norsk Ordbok a-h (NO-AH) ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier med søknadsfrist var 05.11.2023 (vedlegg 1).

Innen søknadsfristens utløp hadde det meldt seg 11 søkere til stillingen (vedlegg 2).

Sakkyndig komité

Det humanistiske fakultet oppnevnte følgende sakkyndige komité:

- Førstemanuensis Ivar Utne, Universitetet i Bergen.
- Forsker Tor Erik Jenstad, forsker, Universitetet i Bergen.
- Seniorrådgiver Ålov Runde, Språkrådet.

Førstemanuensis Ivar Utne ble oppnevnt som leder for komiteen.

I etterkant av komiteens oppnevning foretok instituttet en vurdering av om stillingen skulle trekkes og at videre ansettelsesprosess avsluttes. Det var derfor ikke lenger nødvendig at komiteen utarbeidet en sakkyndig vurdering.

Anmodning om trekk av stilling

Instituttleder Anders Fagerjord leverte anmodning om at den utlyste stillingen blir trukket datert 27.06.2024 (vedlegg 3). Instituttleder skriver følgende:

«Instituttet vel å trekke den utlyste stillinga med følgende grunngjeving:

Den nye tilsette skal ha ansvar for oppdatering og vedlikehold av Metaordboka, grunnlagsdatabase som koplear ordboka til kjeldegrunnlag og rettskrivingshistorikk. Den tilsette skal dessutan arbeide med å samordne Metaordboka med ordbokbasen til Norsk Ordbok og rettskrivingsdatabasen Norsk ordbank. Dette er dermed ei samlingsansvarleg stilling meir enn ei rein leksikograf-fagleg stilling.

I leiinga til ordbokprosjekta meiner vi at stillingar som i hovudsak er retta inn mot kuratering av data, prinsipielt sett bør vere plasserte ved Universitetsbiblioteket og Språksamlingane. Der sit også leksikograf Terje Samdal som har hovudansvar for ordbanken, og som den nye medarbeidaren skal samarbeide tett saman med.

Vi prøvde å få til ei plassering ved Språksamlingane også for eit par år tilbake, men det gjekk ikkje av økonomiske årsaker. Frå 2024 (altså i etterkant av at universitetslektorstillinga vart lyst ut i fjor haust) har den økonomiske situasjonen endra seg: vi har fått tredobla budsjettet til NO-AH, og har no høve til å finansiere stillinga fast gjennom prosjektet.»

Forslag til vedtak:

Stillingen trekkes, og det foretas ingen ansettelse i den utlyste stillingen.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør



Jobbnorge-ID: 251941

Søknadsfrist: 05.11.2023

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heltid

Varighet: Fast

Universitetslektor ved ordbokprosjekta Revisjonsprosjektet og Norsk Ordbok a-h (NO-AH)

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

Universitetslektor ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) er det ei ledig stilling som universitetslektor ved ordbokprosjekta Revisjonsprosjektet og Norsk Ordbok a-h (NO-AH). Dette er ei fagleg stilling som i hovudsak er knytt til oppdatering og samordning av normeringsopplysningar. Det kan også bli aktuelt med administrative oppgåver som ei støtte for prosjektleiinga.

Revisjonsprosjektet og NO-AH er to store revisjonsprosjekt ved Universitetet i Bergen (UiB). I desse prosjekta blir tre sentrale ordbøker for norsk oppdaterte og moderniserte, eit arbeid som føreset gode og oppdaterte digitale rettskrivingsressursar. I Revisjonsprosjektet oppdaterer ein Bokmålsordboka og Nynorskordboka og dessutan Norsk ordbank, der desse ordbøkene hentar rettskrivingsinformasjon frå. I NO-AH reviderer ein Norsk Ordbok, som byggjer på Metaordboka. Prosjekta har eit tett samarbeid med Språksamlingane, som forvaltar ordbøkene og tilknytte språkressursar.

UiB og Språkrådet eig Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk ordbank i fellesskap. Bokmålsordboka og Nynorskordboka (ordbøkene.no) er dei mest brukte norske ordbøkene med 160 000 søk i døgnet, og dei er dessutan dei einaste fritt tilgjengelege ordbøkene som viser den fulle breidda av normerte former i norsk. Norsk ordbank er ein database over ord med alle bøyingsformer i bokmål og nynorsk. Grammatikkopplysningane i Bokmålsordboka og Nynorskordboka blir henta frå Norsk ordbank, og han blir dessutan brukt i Oslo-Bergen-taggen og andre språkteknologiske verktøy, som stavekontrollar.

Norsk Ordbok (norsk-ordbok.no) er eit tolvbands ordbokverk over dei norske dialektane og det nynorske skriftspråket. I NO-AH reviderer ein dei eldste delane av ordboka, alfabetbolken a-h. I prosjektet arbeider ein også med å utvikle ei moderne og komplett nettordbok, og med å gjere ordboka og dei ulike samlingane knytt til ordboka meir tilgjengelege for brukarane enn dei er i dag. Norsk Ordbok blir redigert med utgangspunkt i det digitale ordregisteret Metaordboka. Databasen gir ein felles søkeinngang til ordtilfanget og kjeldegrunnlaget til Norsk Ordbok og inneheld dessutan normeringshistorikk for enkeltord. Ordboka følgjer ei eldre rettskriving, men blir no oppdatert slik at ho både viser og er søkbar med gjeldande rettskriving. Eit ledd i dette arbeidet er å kontrollere at Metaordboka er oppdatert med fullstendig rettskrivingshistorikk og gjeldande norm, og å samordne Metaordboka med andre databasar.

Dei to søsterprosjekta samarbeider med Språksamlingane om å utvikle eit fast fagmiljø i leksikografi ved UiB. Revisjonsprosjektet hadde oppstart i 2018 og går ut 2024, medan NO-AH går over ein tiårsperiode frå 2019 fram til 2029. Prosjekta er finansierte over statsbudsjettet. Den tilsette skal utføre oppgåver for begge prosjekta.

Arbeidsoppgåver:

- oppdatering og samordning av databasar, arkiv og samlingar, med hovudvekt på innhaldet i dei leksikografiske grunnlagsressursane Norsk ordbank og Metaordboka.
- samarbeid med systemutviklarar om utvikling og utbetring av tekniske løysingar.
- kvalitetskontroll knytt til ordbokredigering.
- oppdatering, feilretting og rydding i ordbokdatabasane.
- registrering, oppdatering og dokumentasjon av samlingane og kjeldematerialet knytt til Norsk Ordbok.
- utvikling av rutinar, opplæringsopplegg, arbeidsinstruksar og anna relevant dokumentasjonsarbeid (t.d. oppdatering av nettsider).
- løpande administrative oppgåver.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- mastergrad i nordisk språkvitenskap, lingvistikk eller anna relevant språkfag. Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar med mastergrad, kan det vera aktuelt å tilsetjast med bachelorgrad som øvingslærer i kode 1007.
- kunnskap om norske dialektar og om norsk skriftspråk, norm og språkutvikling.
- erfaring med kvalitetskontroll i ordbokredigering.
- erfaring med oppdatering av leksikografiske databasar.

Følgjande kvalifikasjonar er ein fordel:

- erfaring med og interesse for språknormering.
- kjennskap til grunnlagsressursane Norsk ordbank og Metaordboka vil bli vektlagt.
- relevant IT-kompetanse, særleg med redigeringsapplikasjonane Delphi og Korpuskel og korpussystemet Korpuskel-leks, er ein fordel.
- erfaring med opplæring, rutineutvikling og dokumentasjon.

Språk, skriftleg og munnleg:

- begge skriftspråka, nynorsk og bokmål.

Personlege eigenskapar:

- evne til å arbeide sjølvstendig, strukturert og målretta.
- evne til å halde orden på mange detaljar.
- gode analytiske evner.
- gode samarbeids- og kommunikasjonsevner.

Vi tilbyr:

- Eit godt og interessant arbeidsmiljø, utfordrande oppgåver og høve til utvikling og kompetanseheving.
- Løn etter lønssteg 60-65 (kode 1009) i statens regulativ, for tida 584 500 - 635 400. For tilsetjing i kode 1007/øvingslærer lønast det etter lønssteg 56-60, for tida 548 600 - 584 500 for full stilling. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Slik søker du stillinga

Søknaden skal sendast elektronisk og innan fristen via lenka SØK STILLINGEN på denne sida. Søknaden skal innehalde:

1. CV
2. Vitnemål og karakterutskrifter som dokumenterer fullførte gradar (skanna versjon av originalar eller rettkjende kopiar av alle vitnemål frå høgare utdanning)
3. Emneportefølje
4. Informasjon om og dokumentasjon av pedagogiske kvalifikasjonar
5. Liste over eventuelle vitenskaplege publikasjonar
6. Namn og kontaktinformasjon til tre referansepersonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge innan søknadsfristen. Vedlegga kan vere i Word- eller PDF-format. Komiteen kan be om tilleggsdokumentasjon ved behov.

NB: Søknadene vert vurderte ut frå den informasjonen som er tilgjengeleg i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Søkjaren har sjølv ansvaret for å sjå til at all informasjon er lasta opp før fristen.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: forskar, Gyri Smørddal Losnegaard, e-post: Gyri.Losnegaard@uib.no, tlf. +47 55 58 36 97 eller instituttleiars Anders Fagerjord, e-post: Anders.Fagerjord@uib.no, tlf. +47 55 58 36 53.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det humanistiske fakultet består av fire institutt og fire senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted:

Offentlig søkerliste

251941 - Universitetslektor ved ordbokprosjekta Revisjonsprosjektet og Norsk Ordbok a–h (NO-AH) (Ref. 23/4173)

ID	Navn	Alder	Nåværende stilling	Kommune	Kjønn
1	Vetle Mikkelsen	27	Førstekonsulent (terminolog)	Bergen	Mann
2	Muhammad Imran Yaqoob Khan	26	No	Multan	Mann
3	Sam Holst	36	Lektor med tilleggsutdanning	LEKNES	Mann
4	Elise Midtbø	30	Lektor med tilleggsutdannelse	Hordvik	Kvinne
5	Mikkel Ekeland Paulsen	32	Doktorgradsstipendiat	Bergen	Mann
6	Oddmund Vestenfor	56	Lektor med tilleggsutdanning	Gol	Mann
7	Tomasz Bauc	40	n/a	Alver	Mann
8	Ingeborg Marie Dahle Brynjulvsen	25	Student/Tilkallingsvikar	Bergen	Kvinne
9	Berit Helle Jonsbråten	26	Student	OSLO	Kvinne
10	Nedelina Naydenova	42	Universitetslektor	Bergen	Kvinne
11	Trond Minde	43	Sjølvtendig næringsdrivande	BERGEN	Mann



Det humanistiske fakultet

Referanse

2023/4173-ALEMO

Dato

12.08.2024

Utfyllande grunngjeving for trekk av stilling

Instituttet vel å trekke den utlyste stillinga med følgende grunngjeving:

Den nye tilsette skal ha ansvar for oppdatering og vedlikehald av Metaordboka, grunnlagsdatabase som koplar ordboka til kjeldegrunnlag og rettskrivingshistorikk. Den tilsette skal dessutan arbeide med å samordne Metaordboka med ordbokbasen til Norsk Ordbok og rettskrivingsdatabasen Norsk ordbank. Dette er dermed ei samlingsansvarleg stilling meir enn ei rein leksikograf-fagleg stilling.

I leiinga til ordbokprosjekta meiner vi at stillingar som i hovudsak er retta inn mot kuratering av data, prinsipielt sett bør vere plasserte ved Universitetsbiblioteket og Språksamlingane. Der sit også leksikograf Terje Samdal som har hovudansvar for ordbanken, og som den nye medarbeidaren skal samarbeide tett saman med.

Vi prøvde å få til ei plassering ved Språksamlingane også for eit par år tilbake, men det gjekk ikkje av økonomiske årsaker. Frå 2024 (altså i etterkant av at universitetslektorstillinga vart lyst ut i fjor haust) har den økonomiske situasjonen endra seg: vi har fått tredobla budsjettet til NO-AH, og har no høve til å finansiere stillinga fast gjennom prosjektet.

Vennlig hilsen

Anders Fagerjord
instituttleder

Aleksander Morland
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for lingvistiske, litterære og
estetiske studier
Telefon 55582400
post.hf@uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Allégaten 41, 4.etg.
Bergen

Saksbehandler
Aleksander Morland
55589368